



Sivert Holmen



Valdres har ein rik og variert hardingfeletradisjon som strekker seg attende til 1700-talet. Kjernen i Valdrespelet må kanskje seiast å vera det særmerkte, drivande springarspelet og den spesielle lydarlåttradisjonen. Gjennom generasjonar har spelemenn lært låttane av einannan, forma dei til sine og levert dei vidare. Nokre låttar lever som danselåttar, mange går i gløymeboka og nokon blir ståande att som dei mest spesielle låttane. Målet med plata Jotunheimen har vore å samle mange av dei største og beste låttane vi har i Valdrestradisjonen på ei plate.

Det kjendest naturleg å gje plata namnet Jotunheimen. Jotunheimen ligg nord i dalen som ein slags lunefull vaktar for dalen. Fjella i nord har gjeve meg inspirasjon til å spela, og har kanskje også inspirert spelemenn frå tidlegare tider i musikken? Naturen rundt oss blir som ei lenke attende til fortida. Saman med naturen kan også musikken vera ein brubyggjar mellom gamal tid og ny tid, mellom folk i alle generasjonar. Plata er laga like mykje for deg som kjenner ei tilknytning til Valdres og treng noko å hekte tilknytninga på, for deg som aldri har høyrte hardingfele før, eller for deg som sit benka for å høyre hardingfeleklassa på kvar landskappleik.

God lytting!

Eg kom med familien min til Aurdal i Valdres då eg var seks år og starta på hardingfele året etterpå. I løpet av ungdomstida skjønte eg for alvor at hardingfele verkeleg var noko eg likte. Eg var djupt fasinert av instrumentet, spelemenene, låttane og miljøet rundt musikken. Fasinasjonen har aldri gjeve seg, og eg har fått studere ved Norges musikkhøgskole og lært av fantastiske spelemenn som Jan Beitoaugen Granli (1979–), Håkon Høgemo(1965–), Per Anders Buen Garnås(1980–), Vegar Vårdal (1975–) og Tore Bolstad (1966–). Gjennom musikken har eg fått mange opplevingar eg aldri hadde sett for meg, med konsertar i inn- og utland og møte med dyktige musikarar og herlege publikum rundt omkring. Hausten 2021 starta eg ved masterutdanning ved Norges musikkhøgskole for å koma endå lenger inn i musikken, og kanskje ein dag forstå han berre litt meir.



Viktige kjelder

Låttane på plata har eg lært meg frå ulike kjelder. «Lydarlåttene i Valdres» med transkripsjonar av Sven Nyhus har vore ei viktig kjelde for lydarlåttane på plata. Opptak med Olav Moe, Torleiv Bolstad og Ola Bøe har eg brukt for å lære meg fleire av låttane. Ein del av låttane har fått nye former gjennom arbeid med opptak frå ulike kjelder, men mange av dei har eg opphavleg lært av Jan Beitohaugen Granli, som var min fyrste lærermeister. Vi har fleire interessante låttetradisjonar i Valdres, men dei fleste av låttane på denne plata går attende eller gjennom tre spelmenn, Jørn Hilme, Olav Moe og Torleiv Bolstad

Jørn Hilme (1778–1854)

Jørn Hilme heldt til på ein plass øvst i Ulnes og er på mange måtar slåttemusikkens far i Valdres. Han bygde ut låttar, laga nye og lærte vidare til nye generasjonar. Han skal ha hatt særskild god bogeteknikk, og dette kjem kanskje særleg til syne i rengjene etter han. Ei rengje er ein lått som er ekstra vrang å spele.

Olav Moe (1872–1967)

Olav Moe var opphavleg Vestre Slidring, men flytte til Aurdal. Han hadde omfattande konsertverksemd og vann ein haug med kappleikar. Spelet til Olav Moe ber kanskje preg av at det har vore brukt til konsertar, med lange liner og tydeleg frasering. Mykje av spelet etter Jørn Hilme vart ført vidare gjennom Olav Moe, som lærte Hilme-spel av Jørn Røn og Ola på Hamrisbrøto. Knut J. Ringestad, far til Jørn Røn og lærermeisteren til Brøtaguten, hadde spel direkte frå Jørn Hilme.

Torleiv Bolstad (1915–1979)

Tølleiv vann landskappleiken fire gongar og var i lag med Olav Bøe den mest markante spelemannen i Valdres i sin generasjon. Han hadde ein klar tone i fela, eit kveikt bogedrag og presist spel. Tølleiv var frå Øystre Slidre og budde store delar av livet i Oslo. Plata hans Feletona' Oppunde' Bitihødn har vore ein viktig musikalsk inspirasjon for meg.

Om låttane

1. Ferespel etter Olav Hegge / Sjøheimen

Dei fleste spelemenn hadde sine eigne ferespel som dei brukte til å stryke over fela med før dei spelte ein lått. Dette ferespelet er etter Olav Hegge (1910–1974)

Springar. Sjøheimen har namn etter spelemannen Knut B. Sjøheim (1849–1908) som skal ha bygd han ut. Sjøheimen skal ha vore blant dei beste spelemennene vi har hatt i Valdres. Eg har basert forma mi på opptak med Torleiv Bolstad.

2. St. Thomasklukkan

Dette er ein av dei mest særmerkte låttane vi har i Valdres-tradisjonen. Det finst ei stor mengde variantar av låtten, og akkurat denne forma har eg etter Olav Moe, gjennom nedskriftene til Sven Nyhus. Historia som høyrer med låtten handlar om då St. Thomaskyrkja på Filefjell skulle rivast. Klokkene skulle fraktast på slede til Øye. Isen brast på vatnet og den eine klokka sokk. I låtten høyrer ein klokkeimitasjon for å understreke saknet mellom systerklokkene.

3. Bjøllelått

Bjøllelått blir spelt i ulike variantar i dei fleste hardingfeledistrikta. Låtten går på det som mange kallar trollstilt, i Valdres grålysing. Akkurat denne Bjøllelått blir kalla for Bjøllelått etter Ola Bøe, og er etter spelemannen Ola Bøe (1910–1986). Ola hadde eit drivande, intenst spel. Han vann landskapleiken i 1969.

4. Heksedansen

Låtten går også under namnet Eplesjularen og Kjeglesmeden. Heksene skal visstnok ha dansa etter denne då dei hadde jønsokfest på Blokkberg. Forma mi er stort sett gjort etter opptak med Ola Bøe.

5. Ukserauten

Ukserauten, eller Raudalsuksen, er ein særmerkt lydarlått som har vore nytta av mange spelemenn i øvre Valdres. Ut frå utsegner på ulike opptak kan det verke som det har vore noko usemje rundt om kor godt låttenamnet passar til låtten. Der Ola Okshovd seier beint ut at «namnet passar dårleg», så demonstrerer Torleiv Bolstad korleis ein kan høyre ukseraut gjennom dei særmerkte dobbeltgrepa som blir nytta gjennom store delar av låtten. Låtteforma er basert på slik Torleiv Bolstad spelte han.

6. Spelemannsprøva

Spelemannsprøva skal ha blitt nytta som ei opptaksprøve for å få lære meir spel av Jørn Hilme. Hensikta skal antakeleg ha vore å teste dei tekniske kvalitetane til spelemannen. Det siste veket av låtten er det truleg Olav Moe som har lagt til, det er nokså likt ein springar etter Brøtaguten, Ola i Hambrisbrøto (1790–1867). Eg har opprinneleg lært låtten av Jan Beitohaugen Granli, men har teke inn einskilde tak etter Torleiv Bolstad og Olav Moe, særleg siste veket.

7. Søre Myrelåtten

Søre Myre er ein gard i Vang. I Valdres har vi to låttar som går under dette namnet. Den andre Søre Myrelåtten er same lått som «Moguten» og går på vanleg stille. Denne går på låg bas g-d-a-e. Låtten går under fleire namn. Eg har lært låtten på opptak med Ola Bøe, men er og inspirert av måten Olav Moe spelte han på.

8. Grihamaren

Denne blir også kalla Huldrelått frå Vang. Låtten går på felestille som ofte blir kalla gorrlaust. Gorrlaus kan kanskje omsetjast til «veldig laus» og siktar til bass-strengen som er stilt ned to heile tonar frå vanleg stille. Det er det same felestillet som dei kjende rammeslåttane går på. Grihamar er

forøvrig ein gard i Øye i Vang som spelemannen Ola Grihamar (1910–1978) var frå. Eg har lært låtten på nedskrift/opptak av Olav Moe.

9. Hilmehallingen

Halling etter Jørn Hilme. Hallingen vekslar mellom 2/4-takt og 6/8-takt som gjev han eit veldig karakteristisk særtrekk. Låtten går på låg bas. Låtten har eg lært meg på opptak etter Harald Røine (1940–1998).

10. Låtten hass Mikkjel Moe

Mikkjel Moe (1849–1934) var far til Olav Moe. Mikkjel var også spelemann og var soleis ein viktig faktor for at Olav Moe vart den gode spelemannen han vart. Låtten går på eit felestille som heiter ljøsblått, og eg lærte ein gong i tida låtten etter opptak med Ola Bøe.

11. Røven

Låtten er kjend i alle hardingfeledistrikt under ulike namn. I Telemark går låtten under namnet Tussebrureferdi, og det er forma til Knut Dahle på denne låtten som er utgangspunktet for Edvard Grieg si omarbeiding i Opus 72. Låtten lever i grenseland mellom bonde og lydarlått og går på låg bas. Denne forma er tett opp mot slik Olav Moe spelte han, og låtten er lært etter opptak av han.

12. Jørnrengja

Låtten har namn etter Jørn Hilme og er ei av dei mange rengjene etter han. Ei rengje er ein lått som skulle vera ekstra vrang å spela, helst med mange ristetak, gjentakande triolar, og Jørn skal ha hatt sju av desse på repertoaret sitt. Låtten går på låg bas. Denne låtten lærte eg meg på opptak av Torleiv Bolstad.

13. Sylkjegulen hass Bendik i Nø'n

Bendik Toresen/Bendik i Nø'n (1827–1882) var frå fattigslege kår, fødd utanfor ekteskap, og vaks opp i ei jordhytte åleine med mor si. Bendik lærte spel direkte av Jørn Hilme og skal ha vore ein sær s god spelemann. Han utvandra til Amerika mot slutten av livet sitt. Også denne låtten går på låg bas.

14. Friaren

Låtten går på same stille som Kivlemøyane etter Håvard Gibøen, eit spesielt stille som ikkje har anna namn enn «nedstilt hansehåkon» i Valdres. John Dahle (1874–1939) frå Øystre Slidre har laga låtten. Eg har låtten etter slik han er nedskriven i Hardingfeleverket.

15. Sumarkveld i Jotunheimen

Sumarkveld i Jotunheimen vart laga av Ola Okshovd og John Dahle ein sommar i 1903. Låtten skal få fram jotunfjella sitt lynne og veksling mellom sol og klårvêr, til regn, hagl og sommarstorm. På dette felestillet er dei to mørkaste strengene stilt ned ein tone kvar frå vanleg stille. Denne forma er basert på ei innspeling med Torleiv Bolstad.

Om felene

Salve Håkedal 2016, spor 1, 2, 4, 5, 6, 7, 11 og 15

Gunnar M. A. Røstad 1914, spor 8, 10, 12, 13, 14 og 16

Helge M. Bergnord 2013, spor 9

Rolf Inge Kvandal 2016, spor 3

Takk til Dextra for lån av Kvandal-fela. Takk til Norsk hardingfelefond for lån av Bergnord-fela. Takk til Jens Schønning Gladheim for lån av Røstad-fela.

Innspelt i Store Studio, NRK, 2.-4. august 2021.

Produsent: Gunn Gausemel

Tekst: Sivert Holmen

Engelsk omsetjing:

Lyd, miks og mastering: Per Arne Flø

Foto: Cathrine Dokken

Grafisk utforming: Eva Karlsson

Kontaktinfo: sivert.holmen@gmail.com

Takk til Sparebankstiftelsen DNB for økonomisk støtte. Takk til Frode Rolandsgard for at du initierte og dreiv ideen framover. Takk til Kjellbjørn Karsrud for verdifull lytting, kunnskap og alltid like uvurderlege innspel. Takk til Gunn Gausemel som produsent. Takk til Ta:lik som gjev ut plata. Den største takken til Anne Marit for ditt store tolmod og gode støtte når eg virrar rundt i alle prosjekta mine.





rine Dokken Kreativ St